

# A

## STYRET

Leiar: Agnar Kvellesdal 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96  
agnar.kvellesdal.kvikkalfia.net.no

Kassørar: Hånar Nunnestad 92 06 72 63  
hannanun.kvikkalfia.outlook.com

## PRESSE & PR

Leiar: Alv Reidar Dale 97 82 62 48(p)  
a.r.e.dale.alfakrøll.admin.uio.no

## HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Heggenes 92 49 64 38  
agnar.heggenes.kvikkalfia.net.no


Kontakl Nordfjordhytta: 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)  
Ander Gjesvik  
ander.gjesvik.kvikkalfia.tiscali.no

Kontakl Nordfjordhytta: 45 00 49 33  
Dagfinn Aa  
dagfinn.aa@online.no

## SOGN OG FJORDANDERINGEN

Leiar: Ingjerd Torsby 913 16 368  
sofingjerd@gmail.com

Sendar: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO  
Nordahl Brunsgate 22  
0165 Oslo



# TRE FJORDAR

LÆSSILAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO  
NORDAHL BRUNSGATE 22, 0165 OSLO

NR 2 2022

37. ÅRGANG



FOTO: Dagfinn Aa

**2. okt.** blir det open dag på **Nordfjordhytta**

- og **1. okt.** er det oste-selskap - **Velkommen!**



FOTO: Dagfinn Aa

# Osteselskap og open dag på **Nordfjordhytta 1. og 2. oktober** - ver velkommen!



FOTO: Dagfinn Aa

Samling på Nordfjordhytta, 40 år hausten 2000

## Ei innbyding til noverande og tidlegare medlemar i Sogn og Fjordanelaget og Sogn og Fjordaneringen

### Legg søndagsturen til Nordfjordhytta på Eineåsen i Bærum søndag 2. oktober i 12-tida og fram til ca 16-tida!

Vi inviterer til kortreist hyttetur til vakre Eineåsen, ovanfor Rykkinn i Bærum. Invitasjonen går til alle medlemar og tidlegare medlemar med familie, born og barneborn, vener og kjente som likar ein tur i marka.

Det er lenge sidan mange av oss har møttest, av ulike årsaker, så vi tykkjer det hadde vore kjekt å møtast igjen. I tillegg ønsker vi å vise

fram hytta til nye generasjonar. Vi håpar at nye generasjonar vil sjå verdien i å ha tilgang på ei hytte i nærområdet. Hytta kan brukast til både mål for kortreiste dagsturar og til overnattingsturar. Der er 3 soverom og hems, så det er overnattingsplass til over 20 personar. Vi ønskjer litt meir liv på hytta igjen. Vi har også plan om å invitere til Sunnfjordhytta etter kvart. Så ta med den yngre generasjonen og kom til Nordfjordhytta!

**Vi vartar opp med kaffi, litt kaffimat og kjekke aktivitetar.**



### Osteselskap laurdag 1. oktober

Vi inviterer til hyttehelg med god mat og drikke og prat. Ta med litt ost, kjeks, frukt og høveleg drikke til **festmåltid kl. 19.00** laurdagskvelden. Ta også med litt frukostmat til lang, felles frukost søndag. Sjå nettsida <https://www.sognogfjordaneringen.no/osteparty-pa-nordfjordhytta-invitasjon/>

Har du spørsmål, eller treng du hjelp til å finne fram, eller skyss til Rykkinn, eller berre har lyst til å slå følge med andre, så ta kontakt med turkomiteen.

### Tilbakemelding

Vi ønskjer veldig gjerne ei tilbakemelding på denne invitasjonen, for å kjenne på engasjementet hjå folket. Send ei melding (kort eller lang) til ein av oss. Det kan vere så enkelt som «Takk for invitasjonen! Veldig kjekt! Eg/vi kjem.» eller «Takk for invitasjonen, eg/vi skulle gjerne ha kome, men har ikkje anledning denne dagen.» eller «Takk for invitasjonen. Ein god ide, men eg har ikkje helse til å gå til Nordfjord-

Her er eit oversiktskart over korleis du kjem dit. NB: Buss 151 er endra til buss 160.

Det kan vere litt vanskeleg med parkering, men det kan vere muleg å parkere langs Busoppveien som går vestover. Muleg du må parkere litt «ut i grøfta».

### Her finn de meir informasjon om Nordfjordhytta:

<https://www.sognogfjordanelaget.no/hyttene/nordfjordhytta/>  
<https://www.sognogfjordaneringen.no/nordfjordhytta/>

hytta.» eller «Takk for invitasjonen. Dette er ikkje interessant for meg/oss.»

Vi vil setje stor pris på tilbakemelding, slik at vi kan tilpasse aktivitetane framover.

### Glad hausthelsing frå komiteen:

|                      |                    |                      |
|----------------------|--------------------|----------------------|
| Torkjell             | Dagfinn            | Astrid               |
| 41506642             | 45004933           | 99691963             |
| Torkjell.s@gmail.com | as-fridt@online.no | dagfinn.aa@online.no |

**NB:** Om du/de ikkje rekk å svare, men har lyst å ta ein tur 2. oktober, så berre kom!

**Du/de er hjarteleg velkomne!**



Her er turkomiteen i eit anna oppdrag. Då gjaldt det klubbefesten for 10 år sidan. Fv. Dagfinn, Torkjell og Astrid